



Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Ref nr: 2014/16490

Voss, 31. desember 2014

**Høyringsuttale om lokal tiltaksanalyse.  
Voss - Osterfjorden vassområde.**

Voss Naturvernlag er lokallag i Norges Naturvernforbund og har følgjande innspel til den lokale tiltaksanalysen for Voss – Osterfjorden vassområde.

**Generelt om tiltaket**

Voss Naturvernlag ser positivt på tiltaket med å sikre god kvalitet på vassressursane i regionen for framtida.

I ein region sterkt prega av vasskraftutbygging vil me spesielt peike på at det er naudsynt å gå gjennom konsesjonsvilkåra for eldre vasskraftutbyggingar når desse konsesjonane skal fornyast dei næraste åra. Ny kunnskap har kome til etter at desse utbyggingane vart gjennomført, og dette er kunnskap som må takast omsyn til i nye konsesjonsvilkår.

**Naturmangfoldlova.**

Arbeidet som er gjort i tiltaksanalysen er ei oppfølging av EU sitt vassdirektiv. I tiltaksanalysen ser me at det er referert til norske lover og forskrifter på ein del spesielle tilknytingspunkt, men saknar generelt ei tilknytning til Naturmangfoldlova som no har vore operativ i over 5 år. Lova som skal sikre dei kvalitetar som tiltaksanalysen siktar mot, er knapt nok nemnt i rapporten. Dette er etter vårt syn ei svakheit ved rapporten som dermed framstår utan forankring i det mest grunnleggjande relevante norske lovverket.

**Fiskeoppdrett**

Denne mangelen kjem endå sterkare til syne i dei kapitla der rapporten er innom fiskeoppdrett og anlegg tilknytt denne næringa. Med naturmangfoldlova som del av norsk lov og rettspraksis er det god grunn til å stille spørsmål ved legaliteten av å akseptere at "problemstillinga med fiskeoppdrett er udefinert" eller at "...inntil vidare skal påvirkningsgrad av rømning settes til *ukjent* og miljøtilstand og risikovurdering skal settes til *undefinert*." som det vert referert til i brev frå Fiskeridirektoratet v/ Ola Midttun.

På dette punktet ser Voss Naturvernlag det meir naturleg at det vert utarbeidd ei juridisk vurdering av lovlegheita av eit slikt standpunkt med bakgrunn i Naturmangfoldlova.

**Kostnader.**

I analysen er det foreslått ein del tiltak der det også er estimert kostnader. Desse kostnadene tykkjest vera sett svært lågt. I den vidare prosessen vil me føreslå at det vert arbeidd parallellt med å synleggjere og sikre finansiering av tiltaka også innanfor område der det er klart kven som er ansvarleg styresmakt. Spesielt gjeld dette der det er fleire partar som skal vere med å dekkje kostnadene.

Med helsing  
Voss Naturvernlag  
Kåre Flatlandsmo  
leiar